

Monteringsanvisning

Innfelt hylle – SILJE



Den innfelte hylla vert levert flatpakka og består av topp, botn, rygg og hylleplate. Material og overflate er dei same som for open hylle, men utan skrogsider.

Montering skal utførast av godkjend fagperson.

Før montering

Kontroller at alle delar og festemiddel er med i leveransen før montering startar. Sørg for at veggen er eigna for montering av servantskap og hylle.

Trinnvis montering

1. Monter brakettar for servantskap på vegg

Fest brakettane i vegg i korrekt høgde og i vater, i samsvar med anvisning for servantskap.

2. Hekt opp første servantskapskrog

Hekt skapet på brakettane, juster i vater og fest det forsvarleg til vegg.

3. Hekt opp neste skap

Hekt neste skap på vegg.

Dette skapet skal ikkje festast til vegg på dette tidspunktet.

4. Skru inn festeskruer for hylleplater

Skru inn dei vedlagde festeskruene i dei forborra hola i skrogsidene.

Det skal nyttast 6 skruer per side.

5. Monter botn

Set botnplata på plass med snekker vendt nedover.

Skru fast snekker slik at botnen ligg stabilt.

6. Monter rygg

Tre ryggplata ned i det freste sporet i skrogsidene.

Kontroller at ryggen står rett og er heilt på plass.

7. Monter midtstykke og topp

Set inn midtstykke og toppplate.

Sørg for at snekker står i rett stilling, og stram festinga.

8. Fest siste skap til vegg

Når hylla er ferdig montert og justert, fest siste servantskapskrog til vegg.